

ÅRSPLAN FOR VINNES BARNEHAGE



2021

Bjørnafjorden kommune

Barnehagen blir driven etter Lov om barnehagar:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> og Rammeplan for barnehage: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>.

I årsplanen vil de finne kva vi jobbar med i barnehagen og korleis. Årshjul, temaveker og progresjonsplanar er lagt ved årsplanen som vedlegg.

Godkjent av SU: 15. desember 2020.

INNHALD

1.0 INNLEIING	3
1.1 Personalets grunnbemanning.....	3
1.2 Ekstra personale pr oktober 2020.....	3
1.3 Satsingsområda våre er:.....	3
2.0 VÅR VISJON:.....	4
3.0 VÅR ARBEIDSMETODE	5
3.1 ICDP	5
4.0 SATSINGSOMRÅDA	6
4.1 Sosial kompetanse	6
4.2 IKT.....	6
4.3 Sunt kosthald og fysisk aktivitet.....	6
5.0 BARNEHAGENS VERDIGRUNNLAG.....	7
6.0 BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHALD	8
6.1 Omsorg.....	8
6.2 Leik.....	8
6.3 Danning.....	8
6.4 Læring.....	9
6.5 Vennskap og fellesskap	9
6.6 Kommunikasjon og språk.....	9
7.0 DEI 7 FAGOMRÅDA	11
7.1 Kommunikasjon, språk og tekst:.....	11
7.2 Kropp, bevegelse, mat og helse:.....	11
7.3 Kunst, kultur og kreativitet:	11
7.4 Natur, miljø og teknologi:.....	12
7.5 Antall, rom og form:.....	12
7.6 Etikk, religion og filosofi:.....	12
7.7 Nærmiljø og samfunn:.....	13
8.0 PROGRESJON.....	14
9.0 PEDAGOGISK ARBEID	15
9.1 Bravo.....	15
9.2 Grøne tanker, glade barn.....	15
9.3 Språkkista	15
9.4 Trollord	15
9.5 Samtaleverktøy om mobbing, vennskap og fellesskap:	15
9.6 Steg for steg (Småsteg)	15
9.7 Tras.....	15
9.8 Planlegging.....	16
9.9 Vurdering	16
9.10 Dokumentasjon	16
10.0 PSYKOSOSIALT ARBEIDSMILJØ FOR LITEN OG STOR	17

11.0 BARN OG FORELDRES MEDVIRKING	18
12.0 TILVENNING NYE BARN	19
13.0 SAMARBEIDSPARTNARE.....	20
13.1 Vinnens friskule:.....	20
13.2 Den pedagogiske- psykologiske tenesta (PPT)	20
13.3 Barnevern:.....	20
13.4 Helsestasjon	20
13.5 Ressursteam:	20
13.6 Andre samarbeidspartnarar:.....	21
14.0 PLANLEGGINGSDAGER	22

1.0 INNLEIING

Vинnes barnehage er ein privat- foreldreeid barnehage som held til på vakre Vinnes i Bjørnafjorden kommune.

Me har ein avdeling med barn frå 0- 6 år.

Pr Januar 2020 er det 13 barn i Vinnes barnehage.



1.1 Personalets grunnbemanning

Dagleg leiar:	Rebecca i 100%.
Pedagogisk leiar:	Else i 100%.
Kokk:	Randi i 100%.
Barne- og ungdomsarbeidar:	Wenche i 60%.

1.2 Ekstra personale pr januar 2021

Lærling:	Mariel i barne- og ungdomsarbeidarfaget.
Vikarar:	Hans- Jørgen i 100%.

1.3 Satsingsområda våre er:

- Sunt kosthald og fysisk aktivitet
- Sosial kompetanse
- IKT

1.4 Våre mål:

- Gje barna ein kvardag fylt med læring og positivt samspel gjennom leiken
- Bruke visjonen og vår arbeidsmetode aktivt gjennom barnehagekvardagen
- Vere rollemodellar og lære barna gode psykososiale ferdigheiter
- Vise og lære barna at alle er forskjellige og det er greitt!

2.0 VÅR VISJON:

BARNA i fokus.

B- Berekraft: Handlar om å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Me skal jobba med berekraft gjennom gjenbruk, kjeldesortering, fokus på å ta vare på ting og gi omsorg til omgjevnadene og naturen.

A- Aktiv: Me skal vera i bevegelse og sosialt aktive gjennom tur dagar, leik og glede.

R- Respekt: Me skal møte barna, foreldra og medarbeidarar med stor respekt. Me skal òg behandle omgjevnadene rundt oss audmjukt. Me skal vere danna i arbeidet vårt.

N- Nærheit: Me skal visa omsorg og nærvær gjennom å vera ei trygg hamn for barna.

A- Ansvar: I barnehagen er det viktig å ta ansvar, ikkje berre for seg sjølv men for fellesskapet og dei andre rundt oss. Me har eit felles ansvar for alle barn.

3.0 VÅR ARBEIDSMETODE

3.1 ICDP

ICDP står for International Child Development Program. Dette er eit enkelt, helsefremmande og forebyggjande program som har som mål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge. Nyare forskning viser at barnets samspel med sine næraste omsorgspersonar er avgjerande for barnets utvikling. Programmet har 8 tema for godt samspel som er enkle hjelpemiddel for å bevisstgjera omsorgspersonar på viktighetene av godt samspel med sitt barn for å sikre at barnet får ein sunn kjenslemessig og mental utvikling.

Tema 1: “Vise positive kjensler, vis at du er glad i barnet ditt”.

Tema 2: “Juster deg til barnet og følg barnets initiativ”.

Tema 3: “Snakk med barnet om ting det er opptatt av og prøv å få i gang ein “kjenslemessig” samtale”.

Tema 4: “Gje ros for det barnet klarer å gjere og vis anerkjenning”.

Tema 5: “Hjelp barnet til å samle merksemda si, slik at de har felles opplevingar av det som er rundt dykk”.

Tema 6: “Gje meining til kva barnet opplever av omverda ved å vise kjensler og entusiasme”.

Tema 7: “Utdjup og gje forklaring når du opplever noko saman med barnet ditt”.

Tema 8: “Hjelp barnet ditt å kontrollere seg sjølv ved å setje grenser for det på ein positiv måte, ved å lede det, vise positive alternativ og ved å planlegge saman”.

4.0 SATSINGSOMRÅDA

4.1 Sosial kompetanse

I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at sosial kompetanse er ein forutsetning for å fungera godt saman med andre. Barn er sosiale frå dei blir født, og dei kommuniserer med vaksne og kvarandre både gjennom språklege og kroppslege handlingar. For at barn skal trivast er denne kompetansen sentral. Forsking viser at barns evne til å etablere vennskap i stor grad heng saman med den sosiale kompetansen deira. Alle bør ha tilgang til gode miljø med vennskap, sosial støtte og positive relasjonar til både vaksne og andre barn. Det betyr at ingen skal utsettast for diskriminering, mobbing eller å bli heldt utanfor fellesskapet av andre.

Me jobbar med sosial kompetanse gjennom å:

- Gje barna ein trygg kvardag i barnehagen gjennom å skape gode relasjonar til kvart enkelt barn
- Tenke over korleis me kommuniserer med barna og kvarandre
- Ha leikegrupper ein dag i veka for å styrke fellesskapet, unngå mobbing, utestenging og diskriminering
- Øve på turtaking, vise omsorg og trøyste

4.2 IKT

Ikt står for informasjons- og kommunikasjonsteknologi og er ein del av livet vårt. Det påverkar miljø og menneske, korleis barn lever, leiker og lærer. Ikt er det som gjer det mogleg for oss å skaffe informasjon og å kommunisere med kvarandre. Dagens barn blir fødd inn i ei teknologisk verd, og teknologi er heilt naturleg for dei. Ikt er viktig innan alle fagområda i barnehagen.

Me jobbar med IKT gjennom å:

- La barna få erfaring med forskjellige digitale verktøy, utan at det skal erstatte det pedagogiske arbeidet, men heller vera eit supplement
- Bruke digitale verktøy i læring og situasjonar der det er naturleg
- Støtte barna i språkopplæringa

4.3 Sunt kosthald og fysisk aktivitet

Barnehagen skal leggja til rette for at barna får kjenne på glede gjennom mat og bevegelse. Gjennom medverking i mat- og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å eta sunn mat og få ei forståing for kvifor sunn mat kan bidra til ei god helse. Barna skal og inkluderast i aktivitetar der dei kan få vera i bevegelse og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader.

Me jobbar med sunt kosthald og fysisk aktivitet gjennom å:

- Ha tur dagar kvar tysdag og torsdag
- Ha motoriske aktivitetar både inne og ute
- La barna få lære gode matvanar gjennom å delta i matlaging både inne og ute saman med kokken vår to gonger i veka. Me har og oss med eller lager varm lunsj på tur når Me ynskjer det.
- Ha grønsaker til alle varme måltid og frukt på ettermiddagen
- La barna får trene på å smøra sin eigen mat under smøremåltida

5.0 BARNEHAGENS VERDIGRUNNLAG

Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barnas utvikling.

Det går fram av barnehagelova § 1 at barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Å møte individets behov for omsorg, tryggleik, tilhøyring og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet. Barnehagen skal fremme demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Me jobbar med barnehagens verdigrunnlag gjennom å:

- Lære barna respekt for seg sjølv, for menneskeverdet og naturen gjennom leiken og ulike aktivitetar
- Ha fokus på at ulikskapar er greitt og at alle menneske har lik verdi uavhengig av barnas alder, kjønn, funksjonsnivå, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn
- Gje alle barna like moglegheiter til å bli sett og høyrd, uavhengig av kjønn
- Lære å vise omsorg for andre og å kunne tilgje
- Bidra til barnas trivsel, meistring og kjennsle av eigenverd og forebygge krenkelsar og mobbing.

6.0 BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHOLD

Arbeidet med omsorg, leik, danning, læring, vennskap, fellesskap, kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng, og saman bidra til barnas allsidige utvikling, i samarbeid og forståing med heimen.

6.1 Omsorg

Barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei treng. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakar av omsorg, men som og verdset barnas egne omsorgshandlingar.

Me jobbar med omsorg gjennom å:

- Bekrefte barna, vise barna at me er der for dei, både som ein lyttande, men og som ein trøystande og trygg vaksen.
- Alltid passe på at barnas fysiske behov er tilfredsstilt. For eksempel: At bleiene bytast regelmessig, at våte kler vert skifta og tørsten slokna.
- Utfordre barna på aktivitetar som gir dei meistringskjensle.

6.2 Leik

Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, venskap og barnas eigen kultur. Leiken skal vera ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - aleine og saman med andre.

Me jobbar med leik gjennom å:

- Inspirere og engasjere til leik, både kjente leikar og ukjente leikar, som skal hjelpe barna i si utvikling, både personleg og i samhald med både personale og andre barn.
- Observere, analysere og rettleie barna i leiken, slik at dei får best mogleg potensiale ut av leiken.

6.3 Danning

Barnehagen skal støtte barna i å halde seg prøvande og nysgjerrig til omverden og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremme samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barnas tilhøyrse til samfunn, kultur og natur.

I barnehagen skal barna få delta i slutningsprosessar og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape mening i den verden dei sjølv er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse så dei kan vere med å bidra til endring.

Me jobbar med danning gjennom å:

- Fremme og støtte barnas identitetsbygging, samt jobbe for å gje barna god sjølvkjensle.

- Støtte opp under barnas nysgjerrighet til verdsbildet, rettleie dei inn i ulike perspektiv og gjere dei bevisst på egne og andre sine meiningar.
- Vise at alle er ulike, på godt og vondt.

6.4 Læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støtter opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materialar og reiskapar som bidrar til meningsfull samhandling. Barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for deira læringsprosessar. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiva og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i sine læringsprosessar. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eigen og andre si læring.

Me jobbar med læring gjennom å:

- Rettleie barna i eigen og andre si form for læring.
- Ha temaveker som tar opp viktige læringsprosessar og som har samfunnsnyttig informasjon for å hjelpe barna vidare i si utvikling mot vaksenlivet.
- Læringa skal og byggast opp mot barnas interesser og skal den skal auke barnas initiativ, nysgjerrighet, kreativitet og tiltru til egne evner.
- Me jobbar med barnas egne progresjonar og man skal i læringa skape refleksjonar rundt det man lærer og man skal sammen komme frem til ei forståing av det.
- Sørge for at alle barnas læringsbehov vert møtt og gjort rikare på ein gunstig måte for barna.

6.5 Vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein forutsetning for å fungere godt sammen med andre og omfattar evner, kunnskapar og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn få erfare å vere viktig for fellesskapet og å være i positivt samspel med barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barnas sjølvkjensle skal støttast samtidig som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta egne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.

Me jobbar med vennskap og fellesskap gjennom å:

- Arrangere leikegrupper, slik at alle barna blir inkludert og samhandlar med kvart enkelt individ for å bygge et fellesskap innanfor barnegruppa.
- Støtte barna i grensesetting, samhandling, respekt og konfliktløsning.
- Jobbe aktivt mot diskriminering, mobbing, isolering og krenkelsar i samspel.

6.6 Kommunikasjon og språk

I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at barnehagen skal vera bevisst på at kommunikasjon og språk vert påverka av alle sider ved barnets utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barnet støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, herunder teiknspråk. Alle barn skal få god språkutvikling gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Me jobbar med barns kommunikasjon og språk gjennom å:

- Vere delaktig, interessert og til stades under barns dialogar og fortellingar.
- Forstå og vera med i og utvikle korleis barna uttrykker seg verbalt og non-verbalt.
- Vera gode rollemodellar i korleis vi kommuniserer og uttrykker oss, både verbalt og non-verbalt.
- Fange opp og støtte barn som utviklar språk og kommunikasjonsvanskar, for så å kunne tilby best mogleg hjelp i si vidare språk- og kommunikasjonsutvikling.
- Ha eit godt samarbeid med foreldre i språk- og kommunikasjonsutviklinga til barna.

7.0 DEI 7 FAGOMRÅDA

Barnehagen sitt verdigrunnlag og formål skal prege arbeidet med fagområda, og barns rett til medverking skal vere ivaretatt. Barna skal få utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområda, gjennom undring, utforsking og aktivitetar. Fagområda er i stor grad dei same som barn seinare møter som fag i skulen.

Me jobbar med dei 7 fagområda gjennom å:

- Ha ulike temaveker gjennom året
- Følgje årshjulet og lage planar utifrå den
- Spele vidare på barnas initiativ

7.1 Kommunikasjon, språk og tekst:

Evnene til å bruke språket er avgjerande for korleis barn kommuniserer med andre, korleis dei set ord på opplevingar og kjensler, diskuterer og reflekterer saman med andre. Barnehagen skal bidra til at barna leiker med språk, symbol og tekst. Me skal og bidra til at barna får stimulert si språklege nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

Me jobbar med kommunikasjon, språk og tekst gjennom å:

- La barna få uttrykke sine eigne kjensler, tankar, meningar og erfaringar
- Bruke språket til å skape relasjonar, delta i leiken og som reiskap til å løyse konflikhtar
- Opplive spenning og glede ved høgtlesing, fortellingar, rim, lyder, song og samtalar.
- Ha tilrettelagte aktivitetar som samlingsstund, samt å dela oss i mindre grupper
- Vere bevisste språkmodellar gjennom naturlege situasjonar i løpet av dagen som for eksempel i leiken, ved stell og måltid

7.2 Kropp, bevegelse, mat og helse:

Gode vaner som lærast i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggja til rette for at barna får oppleve glede gjennom bevegelse, mat og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk/psykisk helse. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med kroppen sin og utviklar bevisstheit om grenser, både sine egne og andre sine. Barna skal gjennom kropp, bevegelse og helse få moglegheit til å sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt.

Me jobbar med kropp, bevegelse, mat og helse gjennom å:

- Legge til rette for glede gjennom glede. Turdagar to gonger i veka.
- La barna få medverke i mat- og måltidsaktivitetar slik at dei vert motivert til å eta sunn mat og får grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.
- Lære barna å sette grenser for eigen kropp og respektera andre sine grenser
- Innarbeide gode vanar for hygiene, måltid og rørsle/ kvile

7.3 Kunst, kultur og kreativitet:

Barnehagen skal leggje til rette for fellesskap og kreativitet ved å bidra til at barna får vere saman om å oppleve og skape. Opplevelser med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid. Fagområdet omhandlar uttrykksformer som billedkunst, kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design.

Me jobbar med kunst, kultur og kreativitet gjennom å:

- Ha kunstaktiviteter kvar måndag
- La barna få delta i varierende formingsaktivitetar, samlingar med musikk, eventyr m.m.
- Synleggjera ulike kulturar gjennom for eksempel: musikk, eventyr, tradisjonar, religiøse høgtider og mattradisjonar

7.4 Natur, miljø og teknologi:

Barnehagen skal legge til rette for eit mangfald av naturopplevingar, oppleve tilhøyrslse til naturen og få erfaringar med naturen som fremmer evne til å orientere seg og opphalde seg i naturen ved ulike årstider. Dette kan fremme barnas vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til berekraftig utvikling.

Me jobbar med natur, miljø og teknologi gjennom å:

- Bruke nærmiljøet til leik, undring og naturopplevelsar
- La barna få ta aktiv del i kjeldesortering for å få kunnskap og erfaring om resirkulering og gjenbruk
- Gje barna kjennskap til digitale reiskap som blue-bot, data, nettbrett, digitalt kamera, projektor og digitalt forstørringsglas.

7.5 Mengd, rom og form:

Barnehagen skal stimulere barnas undring, nysgjerrigheit og motivasjon til problemløysing, me skal og synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna får utforske og oppdage matematikk i dagleglivet. Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturer og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Dette omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tall, teljing og måling, men også stille spørsmål, resonnere, argumentere og søke løysningar.

Me jobbar med mengd, rom og form gjennom å:

- Sortere leikane når me ryddar dei opp etter leik, på den måten ser me likskapar og ulikskapar, ulike størrelsar, mengd, vekt og fargar
- Telle kvarandre og gjenstandar, kategorisere leiker og sjå på ulike geometriske formar ute og inne
- Vere bevisst på matematiske begrep og bruke desse i kvardagen ved måltid, i garderoben, i leiken m.m.

7.6 Etikk, religion og filosofi:

Barnehagen skal vera med på å forme måtar å oppfatte verden og mennesket på og prege verdiar, normer og haldningar gjennom å la barna få kjennskap til fortellingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar, livssyn og erfaringar med at kulturelle uttrykk har eigenverd. Barnehagen skal gjennom samtaler undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål, skape interesse for samfunnets mangfald og forståing for andre menneskes livsverd og levesett. Slik kan barnehagen bidra til at barna legger grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

Me jobbar med etikk, religion og filosofi gjennom å:

- Ta barna sine spørsmål på alvor og undre oss saman med dei
- Utvikle toleranse og respekt for andre sine meiningar
- Få kjennskap til ulike religionar

7.7 Nærmiljø og samfunn:

Barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med eige nærmiljø, samfunnet og verden gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar. Barna skal få kunnskap og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrker slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få begynnande kjennskap til menneskerettane.

Me jobbar med nærmiljø og samfunn gjennom å:

- La barna bli kjent med og delta i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i barnehagen og turar i nærmiljøet
- Markera FN dagen og få kjennskap om menneskerettane

8.0 PROGRESJON

Progresjon i barnehagen inneberer at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang gjennom varierte leike-, aktivitets- og læringsmoglegheiter. Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom det pedagogiske innhaldet og bruke ulike arbeidsmåtar, leiker, materialar og utforming av det fysiske miljøet for å gjennomføra dette. Barna skal få utfordringar tilpassa sine kunnskapar og ferdigheitar.

9.0 PEDAGOGISK ARBEID

Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd for å kunne gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Me skal vera ein lærande organisasjon.

9.1 Bravo

Bravo- leiken er korte leikprega økter der positivt samspel, sansestimulering, varierte rørsleerfaringar og meistringsopplevingar sikrar ei heilskapleg tilnærming til språkutviklinga. Bravo- leiken er eit supplement til anna pedagogisk arbeid, og det vert gjennomført som ein del av samlingsstunda i barnehagen.

9.2 Grøne tankar - glade barn

Grøne tankar - glade barn er ein del av psykologisk førstehjelp og kan brukast både som ein metode for planlagt tematisering av tankar og følelsar i samlingsstundene med alle barna, og som ein metode for refleksjon, forståing og bearbeiding med utgangspunkt i kvardagshendingar. Det inneheld og to bamsar, ein raud og ein grøn. Tankar som skapar vanskar, kallast raudtankar. Og dei tankane som skaper glede, trivsel og tryggleik, kallast grøntankar. Bamsane kan leikast med, brukast som påminningar og vera konkrete hjelpemiddel i barnehagekvardagen.

9.3 Språkkista

Språkkista kan brukast som eit verktøy og ein inspirasjon i det daglege arbeidet med språkstimulering i barnehagen. Den er bygget opp med ti ulike tema, som alle er velkjente frå barnehagen og tilpassa "barnehageåret". Til kvart tema er det foreslått 30 sentrale ord og begrep som utgangspunkt for det språklege arbeidet. I tillegg finnes det ei arbeidsbok og ein app for barna.

9.4 Trollord

Trollord er ein nettbasert læringsressurs som vert brukt i arbeid med barn som har særlege behov i forhold til læring om begrep, språkleg bevisstheit og artikulering.

9.5 Samtaleverktøy om mobbing, vennskap og fellesskap:

Inneheld åtte store plakatar om tema som mobbing, vennskap og fellesskap. På baksida av kvar plakat er det ein oversikt over samlings tema, gode spørsmål og stikkord man kan fokusere på. Slik kan man både jobbe med filosofi og sosialt samhold i barnegruppa.

9.6 Steg for steg (Småsteg)

Småsteg er eit pedagogisk verktøy for barnehagen i arbeidet med å forberede barn til skolestart. Gjennom småsteg lærer barna ferdigheiter som styrker deira evner til å: lære, ha empati, meiste kjensler, få venner og løyse problem.

9.7 Tras

Mange barn er av ulike årsaker i risiko for ikkje å få nok støtte i utviklinga av språket. Tras er eit verktøy for systematisk observasjon av barnets språkutvikling over tid og skal hjelpe barnehagen å finne målrettande tiltak for støtte i samråd med foreldra. Tras- skjemaet har åtte områder av betydning for språkutviklinga: Samspel, kommunikasjon, oppmerksomheit, språkforståing, språkleg bevisstheit og produksjon knytt til lyd-, ord- og setningsnivå.

9.8 Planlegging

God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda. Planlegginga av organisering, innhald og prosessar i barnehagen byggjer på måla i årsplanen og underliggjande dokument (Lov om barnehagar og rammeplanen).

9.9 Vurdering

Personalet evaluerer arbeidet i barnehagen fleire gongar gjennom året. Evaluering av aktivitetar etter avslutta temaperiode, og kartlegging med ALLE MED skjema er ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen. ALLE MED er eit skjema for observasjon som skal gje eit heilskapleg bilde av barnet og kva det meistarar. Det dekker 6 utviklingsnivå: Språkutvikling, leik, soso-emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og sansemotorisk utvikling. Dette er utgangspunktet for foreldresamtalane.

9.10 Dokumentasjon

Dokumentasjon på barnehagen sitt arbeid er viktig for å kunne vidareutvikle arbeidet og sikre kvalitet i tilbodet. Læringa til barna og arbeidet til personalet skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon. Me dokumenterer det pedagogiske arbeidet gjennom ei lukka gruppe på Facebook kvar dag. Her får foreldra sjå kva barna gjer på i barnehagen gjennom bilete og ein liten tekst om kva me har jobba med. Me har og ei open Facebook side og Instagram der det innimellom blir lagt ut bilete av kva vi jobbar med, her blir personvern tatt på alvor. Månadsplan med plan for neste månad og oppsummering frå månaden som har gått blir sendt på mail. Dokumentasjon er også ulike planar og evaluering av desse. All dokumentasjon i barnehagen er til internt bruk og er ikkje tilgjengeleg for andre utan samtykke frå dei dokumentasjonen omhandlar.

10.0 PSYKOSOSIALT ARBEIDSMILJØ FOR LITEN OG STOR

Eit godt psykososialt arbeidsmiljø i barnehagen er viktig i det helsefremmande og forebyggande arbeidet for barna. Godt samhald, god dialog og openheit bland vaksne og barn skapar den trygge ramma som er avgjerande for at alle skal få ein meningsfylt kvardag.

Me jobbar med psykososialt arbeidsmiljø for liten og stor gjennom å:

- Vera bevisste på egne haldningar og eigen åtferd, både i forhold til oppførsel som kan verka krenkande og ved bruk av makt og tvang
- Synleggjera korleis barn og foreldra si medverking sikrast
- Møte barna med tillit og respekt
- Involvera foreldra så snart som mogleg om me har mistankar at barnet ikkje trivst i barnehagen
- Ha rutine for å i vareta barn og foreldre ved mobbing
- Ha rutine for korleis me tar vare på barn ved alvorlege, uventa hendingar som eksempelvis sjukdom, ulykke og dødsfall
- Ha rutine for samarbeid med PPT, helsestasjon og barnevern

11.0 BARN OG FORELDRES MEDVERKING

I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at barnehagen skal ivareta barnas rett til medverking ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna får gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege drift.

Me jobbar med barna si medverking gjennom å:

- La barna få medverka i sin kvardag gjennom å sjølv velgje kva aktivitetar dei vil gjennomføra i løpet av dagen, for eksempel gjennom frileiken.
- Vera lyttande og observerande vaksne som tar barna sine innspel på alvor.
- Dyrke initiativa og kreativiteten til barna.
- Gjennomføre barnesamtaler kvart halvår om korleis dei synes det er i barnehagen.

Foreldras medverking er nedfelt i barnehagelova. Barnehagen skal ivareta foreldra si rett til medverking og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra. Samarbeidet skal i følge rammeplanen for barnehagen alltid ha barnet sitt beste som mål. Vinnas barnehage er ein foreldreeid barnehage, det vil sei at det er foreldra som eig barnehagen. Dei kan arrangere ulike tilstellingar for å få ekstra inntekter til barnehagen. Det er også forventa at foreldre stiller på dugnad.

Foreldra får medverke gjennom:

- Foreldresamtalar 1 - 2 gongar i året
- Foreldremøte kvar haust
- Årsmøte kvar vår
- Styret
- Foreldrerådet
- Samarbeidsutvalet

12.0 TILVENNING AV NYE BARN

I forkant av oppstart får barna moglegheit til å komma på besøk i barnehagen og helsa på dei andre barna og personalet. Foreldra får da med seg ei mappe med diverse skriv som må fyllast ut og leverast til barnehagen, på den måten får barnehagen informasjon om barnet som gjer at tilvenninga til den nye kvardagen kan bli enklare for både barnet, foreldra og personalet. Kvar barn er unikt og foreldra må difor saman med barnehagen finne ut korleis tilvenningsperioden for det enkelte barn skal leggst opp til det beste for barnet. I mappa ligg det ei generell "oppskrift" på tilvenninga, men saman med foreldra kan personalet endra på denne. Nokon barn treng få dagar tilvenning, mens andre kan trenge veker.

13.0 SAMARBEIDSPARTNARE

For at barn og foreldre skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod til beste for utviklinga til barna, samarbeider barnehagen med andre tenester og institusjonar i kommunen. Både foreldra og barnehagen kan ha behov for å samarbeide med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid følgjer dei tilsette føresegnar om teie- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk.

13.1 Vinnestad friskule:

Vinnestad barnehage har i det daglege eit nært og godt samarbeid med skulen. Uteleikeplassen er felles der barn frå barnehagen og elevar omgås fritt. Dette byggjer relasjonar på tvers av aldersgruppene, som igjen er ein styrke når barna skal byrje på skulen.

Det er også faste møtepunkt med skulen gjennom året, som for eksempel: Lucia feiring, nissegraut i skogen og samarbeidsmøte.

13.2 Den pedagogiske- psykologiske tenesta (PPT)

Satsingsområda til PPT, saman med dagleg leiar, er tidleg innsats i eit systemperspektiv med fokus på livsmeistring og læring i eit barnehagetilbod som rommar og tek i vare alle barn. Etter barnehagelova § 19-c skal PPT yte hjelp til barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Bjørnafjorden PPT sin arbeidsmodell inneber faste besøksdagar i alle barnehagar. Dette skjer ein dag i månaden.

PPT er ein sakkunnig instans i spørsmål om behov for spesialundervising og spesialpedagogisk hjelp, slik som støtte og rettleiing innan språk, åtferd, sosial samhandling og forseinka utvikling.

Foreldra kan og sjølv ta kontakt med PPT på eige initiativ.

13.3 Barnevern:

Barnevernstenesta er ein viktig samarbeidspartnar for barnehagen kring einskilde familiar som er i ein vanskeleg situasjon. Barnevernstenesta gjev råd og rettleiing til barnehagetilsette innan ulike tema.

Gjennom den daglege kontakten med barn er dei tilsette i barnehagen i ein sentral posisjon til å observera og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Alle tilsette i barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet etter §22 i barnevernslova når det er mistanke om omsorgssvikt for eit barn.

13.4 Helsestasjon

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremjande arbeid for å tryggje oppvekstvilkåra til barna i kommunen.

Helsestasjonen skal bidra med råd og rettleiing i samband med legemiddelhandtering i barnehagar og om smittevern. Vidare er helsestasjonen sentral når det gjeld å kartleggje den motoriske og språklege utviklinga til barna.

13.5 Ressursteam:

To gonger i halvåret er det sett opp ressursteam på PPT-besøksdagen. Då kjem og helsesjukepleiar og barnevernstenesta til felles møtepunkt for tverrfaglege drøftingar. Dersom barnehagen ønskjer å drøfta

enkeltbarn eller at PPT skal gjera observasjonar er det krav om informert samtykke frå føresette. Alle medlemmane i ressursteamet er underlagt teieplik.

13.6 Andre samarbeidspartnarar:

Eit godt samspel mellom barnehagen og skulen, kulturlivet, institusjonar, frivillige organisasjonar og kyrkjelydar kan gjere både barnehagen og lokalmiljøet rikare og bidra til å gi barnehagen lokal forankring. Dette er også med å gi barna varierte opplevingar og tilknytning til nærmiljøet.

14.0 PLANLEGGINGSDAGAR

Planleggingsdagar barnehageåret 2021:

- Måndag 04.01.21
- Fredag 14.05.21